

# Sylvartun - Senter for folkemusikk og folkedans

## Oppsummering 2015-2017



## Setesdalsmuseet



VEL BEVART, GODT FORTALT

Vi er ein del av Aust-Agder museum og arkiv IKS. Saman med KUBEN i Arendal og Grimstad bys museer forvaltar og formidlar vi den historiske og kulturelle arven i fylket.

## **Historie**

Sylvartun folkemusikkmuseum blei oppretta som eit 3-årig prosjekt med mål om å legge til rette for at den immaterielle kulturarven frå Setesdal skulle bli meir synleg både for folk i Setesdal og for tilreisande gjester. Prosjektet starta 1. oktober, 2014. Det blei skrivi leigeavtale med eigar av Sylvartun, Hallvard T. Bjørgum, og det blei løyvd midlar til prosjektet. Kostnadsdekninga blei delt mellom Valle kommune og Aust-Agder fylkeskommune med ei fordeling på kr. 150 000 på kvar bidragsytar. Setesdalsmuseet skulle stå for drifta og den faglege utviklinga. Museet investerte i nye utstillingar både visuelt med film av dans, spel og kveding, supplering av instrument og informasjon om utøvarar frå Setesdal, samt felemakarverkstad og munnharpeverkstad. Setesdalsmuseet/AAMA har investert i utvikling av Sylvartun i 2015 og 2016 kr. 1 050.000,-



### **Målet var:**

- Å verne den immaterielle kulturarven
- Sikre respekt for denne arven
- Auke medvitet om kva denne arven har å seie
- Syte for internasjonalt samarbeid og hjelp

### **Verkemiddel:**

- Lage ei ramme for ein møteplass mellom generasjonar og rekruttere fleire utøvarar
- Gjere tradisjonen tilgjengeleg for ulike grupper av folk både i inn- og utland
- Freiste å formidle og gjere tradisjonen kjend for nye brukarar med vekt på barn og unge

## **Fakta**

Sylvartun er eit tun med 4 gamle bygningar og eit nybygg: eit stolphus, ei basstoge, lislebu, gamlestog og eit nytt bygg med utstilling i 1. og 2. høgda og produksjonslokale i underhøgda. Det er det nye bygget som er besøkssenteret for folkemusikk og folkedans. Dette bygget er eit AS, der både Aust-Agder fylke, Valle kommune og Hallvard T. Bjørgum er aksjeeigarar. Dei andre bygningane eig Hallvard T. Bjørgum.

Sylvartun blei etablert av ein av våre største spelemenn på hardingfele, Torleiv H. Bjørgum, og tunet har eksistert sidan 1961. Alt den gong var Sylvartun ein samlingsplass for folkemusikkinteresserte,

der Torleiv dagleg tok fram fela og spela for lyarinteresserte gjester, eller for dei som gjerne ville ta ein gangardans. Torleiv var med oppbygging av Sylvartun føre si tid med kulturopplevelingar til turistar, men plassen var og ein stad som setesdølane vitja. Han var ein føregangsmann i bygdeutvikling både som kulturperson og næringsutviklar. Heile tunet er vel tilrettelagd med stor parkeringsplass, og godt tilrettelagd som rastepllass.

## Aktivitetar i perioden

Sumarstid har senteret for folkemusikk og folkedans hatt same opningstid som dei andre musea i Setedal, dette har vore om lag 8 veker frå slutten av juni til litt ut i august månad.

### Besøkstala har vore slik:

2015:	824 enkeltbesök	1 gruppe på 17 personar
2016:	382 enkeltbesök	6 grupper på 69 personar
2017;	1358 enkeltbesök	3 grupper på 50 personar

8 arrangement på 242 personar

2 arrangement på 75 personar

### Desse har hatt gruppevitjing eller arrangement i Sylvartun:

3 private selskap, Setesdal spelemannslag, Norsk folkemuseum, Setesdal VGS, Bykle kommune, Åmli museum, UIA, HIT og Hylestad skule.

### Sylvartun vore arena desse arrangementa perioden:

- Innspeling og produksjon av 3 musikk- og filminnspeling på tilsaman 8 DVD-/CD-ar, samt 180 sider i 3 bokhefter, publisert av Hallvard T. Bjørgum
- Lansering av Torleivs Minne 2 i mai 2017
- Bistand til Benedicte Maurseth sin produksjon om kvinnlege felespelarar i Noreg
- Arbeid med Annbjørg Lien si doktoravhandling
- Oppnak av film i samband med Aslaug Vaa sitt filmprosjekt: «Kvar song si soge»
- «Music without borders», presentasjon for presse/tv våren 2017
- Undervisning i Valle kulturskule v/Sigrid K. Jore (ikkje regelmessig)
- «Kvedarstunder» i regi av Valle kulturskule (ikkje regelmessig)
- Konsertar, kurs og opplæring i kveding, dans og spel i regi av Setesdal spelemannslag 3 gonger per år
- Faste samspeløvingar på hardingfele annankvar onsdag, 5-8 personar
- Seminar i høve 100-års minne av Arne Bjørndal si innsamling i Setesdal med Sigbjørn Apeland, Gunnar Stubseid, Kirsten Bråten Berg og Ragnhild Furholt i 2017
- Seminaret «Rammeslåttane! i 2015 i samband med Setesdalsfestivalen med Morten Levy, Torgrim Titlestad, Hallvard T. Bjørgum og Gunnar Stubseid
- Årleg jolelag i Setesdal spelemannslag
- Arbeidsplass for utarbeiding av nominasjonen til UNESCO v/Setesdal spelemannslag
- Arbeidsplass for forskning – bl.a. Gunnar Stubseid sitt arbeid med boka «Legendariske hardingfeler»



## Vurdering

Dei nemnde aktivitetane ovanfor syner at senteret for folkemusikk og folkedans har hatt god aktivitet i perioden.

Utstillingane på Sylvartun gjev eit godt bilet av musikken, dansen og kvedinga i Setesdal, både gjennom filmen, instrumenta som er utstilte, handverksutstillingane og ikkje minst gjennom bilet, teikningar og måleri som er utstilt i bygget. Også personlege prisar og pokalar tilhøyrande ulike utøvarar er utstilte i bygget.

Det er så absolutt eit hus der musikken og dansen har tilhøyrigheit, og der utøving av denne kunsten er i sitt rette miljø. Bygget er høveleg til samlingar med opp til 60 personar for matservering/møteverksemd, og om lag 80-100 personar for konsertframføring. Med omsyn til storleik er bygget ein perfekt møteplass og arena for musikk, dans og kveding frå Setesdal.

Verkemidla for å nå målet med Sylvartun har ein gjennom ovannemnde aktivitetar nådd målet med ei fast møteplass og husvære for Setesdal spelemannslag, gjort tradisjonen tilgjengeleg og kjend for alle og ikkje minst vere eit regionalt senter for folkemusikken og dansen i Setesdal.

Det er også viktig at utstillingane og informasjonen blir oppdatert i samsvar med utvikling på museumsfornten og i høve til nye utøvarar og nye bragder.

- Ein turistrappor for Setesdal, utarbeidd av Telemarksforskning, peikar på at det tidlegare har vore vanskeleg å oppleve den tradisjonelle kulturen (musikken og dansen) når ein er på gjennomreise i Setesdal. Dette er no muleg å få oppleve i Sylvartun folkemusikkmuseum, og sjølvsagt også gjennom gjesting av Kulturpatrulja i heile Setesdal
- Aktivitets- og besøksrapporten vitnar om at bruken er aukande, både med omsyn til aktivitetar og vitjingar. Det trengs dessutan fleire år for å få innarbeidd ein aktiv bruk av nye arenaer. Ein 3-års periode er for lita tid til å gje ein fullgod dokumentasjon av bruk
- UNESCO

Setesdal spelemannslag har sidan 2012 arbeidd for å kome inn på verdsarvlista for immateriell kultur. Spelemannslaget har sendt inn nominasjon til kulturdepartementet i 3 år på rad, og i år lukkast dei med nominasjonen.

Staten Noreg har i år nominert «The practice of traditional dance in Setesdal. Playing, dancing and singing (stev/stevjing)» til UNESCOs Representative List of the Intangible Cultural Heritage of Humanity.

Diverre blei nominasjonen sendt for seint frå Noreg til UNESCO, slik at ut frå brev spelemannslaget har fått vil det ikkje føreligge svar før på hausten 2019.

Dersom dette nominasjonsforslaget blir godtatt av UNESCO vil truleg dette medføre auka arbeidsoppgåver, bl. a. med:

- Synleggjering, formidling, informasjon
- Aktiv opplæring - kunnskapsauke om tradisjonen, utarbeiding av undervisningsmateriell (dette gjeld både unge og eldre)
- Møteplassar og gode arenaer for utøving
- Kreativ utvikling i næringsaugnemed

Dette vil truleg krevje ressursar til gjennomføring, og korleis ein skal takle ei slik utfordring må bli ein prosess der både kommunar, fylkeskommunen og Setesdalsmuseet/AAma er involvert.

## Framlegg til vidare drift

- Sylvartun folkemusikk museum bør vidareførast, i første omgang for ein 15-års periode med evaluering kvart fjerde år.
- Det må lagast betre opplysning om folkemusikksenteret i alle informasjonskanalar som blir nytta av museer og turistnæring, mellom anna betre skilting frå veg.
- Det må også arbeidast aktivt for å vidareutvikle heile tunet i nært samarbeid med eigar, kanskje særleg med fokus på barn og ungdom.
- Det er eit mål at utøvande ungdom kan få sommarjobb ved folkemusikksenteret. Omvisarane har dei siste tre åra hatt kompetanse på hardingfele/fele, dersom ein får omvisarar som har kunnskap innan spel eller kveding bør ein kunne legge opp til ein fast, 20-min. konsert per dag.



**Rapporten er utarbeidd av Astri Rysstad for Setesdalsmuseet.**

**Foto framside: Torleiv H. Bjørgum spelar og Marit og Jon K. Rysstad dansar gangar på Sylvartun.**

**Foto side 2: Utstillingar på Sylvartun.**

**Foto side 4: Hallvard T. Bjørgum spelar.**

**Foto side 5: Leiar Setesdalsmuseet Anna Stella Karlsdottir mottek måleriet Setesdalsgangar av Olav Bjørgum som gavé frå Valle Sparebank i samband med opninga i juni 2015.**

**Foto side 2-5: Fotograf Leonhard Jansen.**